



Anders Fammestad
Reikeråsvegen 26
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/184 - 19/10488

Saksbehandlar:
Nils Kaalaas
NIK@lindas.kommune.no

Dato:
28.03.2019

Søknad om bygging av landbruksveg Kvernhusdalvegen gbnr 24/4 Fammestad

Dokument:

Søknad om bygging av Kvernhusdalsvegen innkome 17. januar 2019
Søknaden sendt regionale mynde til uttale 22.01. 2019

Lovgrunnlaget:

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier av 28.05. 2015
Narturmangfalova §7

Søknaden:

Det vert søkt om bygging av ein 140 meter lang skogsbilveg vegkl 4 på gnr 24 bnr 4 i Lindås inkl. snuplass for vogntog. Vegen tek utgangspunkt i eit mindre byggefelt på eigedommen som det er utarbeid og godkjent reguleringsplan for. Innan fristen som var sett er det ikkje kome merknader til bygging av vegen. Vegen vil løysa ut eit skog/utmarksområde på ca 130 dekar og det er ca 40 dekar med kulturskog på dette området.

Vurdering:

Vegen vil som nemnd ta utgangspunkt i eit mindre byggefelt som er under etablering og med bygging av denne vegen vil ein få opparbeiding av ved og hogst av tømmer bort frå grensa til byggefeltet. Det er til denne tid ikkje kome merknader til bygging av vegen, noko som kan hende skuldast at kultur og naturverdiar i området er utgreidd i og med at reguleringsplanen er godkjent. Kommunen har vurdert tiltaket etter naturmangfalova § 7 utan at ein kan sjå at arbeid med vegen vil ha negativ verknad på naturmangfallet. Ein vil likevel peika på at ved skogsdrift i den vestre del av teigen så må ein kryssa bekken/elva som kjem ned frå Fammestad tjørna og denne bekken er ei gyteelv for aure i vassdraget og at dette vert teke omsyn til ved ein eventuell hogst i området.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Vedtak:

Det vert synt til vurdering og saksutgreiing og med heimel i «Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier av 28. 05. 2015 godkjenner Lindås kommune bygging av Kvernhusdalsvegen på gnr 24 bnr 4. Ein vil gjera merksam på at skulle det under arbeid med vegen koma fram ting som kan ha kulturhistorisk verdi, så skal arbeidet stansast og funn meldast frå til fylkeskommunen.

Med helsing

Nils Kaalaas
fagleiar skogbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Anders Fammestad

Reikeråsvegen 26 5913

EIKANGERVÅG